

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr  
20162457

Oppdragsnr  
2016041

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
	23	526	0	0	MELAND KOMMUNE (Eiers kontaktinstans)

## Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	03.11.2016	09.30	Frammøte ved Mjåtveitvegen 3

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining			
<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrund	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn				
<input checked="" type="checkbox"/> Grensejustering	<input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			

Forklaring  
Klarlegging og grensejustering langs Mjåtveitvegen.

Saksbehandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent MELAND KOMMUNE			Rekvisisjonsdato 03.10.2016

## Habilitet

Landmålararen sitt namn Per Atle Sæle
<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)

## Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammmøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

## Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

**Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.**

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
526-1	Asfaltspiker Nedsatt i:	Nytt grensemerke			
526-2	Asfaltspiker Nedsatt i:	Nytt grensemerke			
526-3	Asfaltspiker Nedsatt i:	Nytt grensemerke			
526-4	Asfaltspiker Nedsatt i:	Nytt grensemerke			
526-5	Asfaltspiker Nedsatt i:	Nytt grensemerke			
526-6	Asfaltspiker Nedsatt i:	Nytt grensemerke			
78-1B	Annen detalj Nedsatt i:				
78-2	Annen detalj Nedsatt i:				
78-3	Annen detalj Nedsatt i:				
78-4	Murhjørne Nedsatt i:				
78-5	Murhjørne Nedsatt i:				
78-6	Murhjørne Nedsatt i:				
78-7	Murhjørne Nedsatt i:				
79-5	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Eksist. grense nedsatt på nytt			
79-7	Murhjørne Nedsatt i:				
79-8	Asfaltspiker Nedsatt i:				
79-9	Umerket Nedsatt i:				
79-10	Asfaltspiker Nedsatt i:				
79-11	Murhjørne Nedsatt i:				
115-1	Asfaltspiker Nedsatt i:	Nytt grensemerke			
115-2	Asfaltspiker Nedsatt i:	Nytt grensemerke			
115-3	Asfaltspiker Nedsatt i:	Nytt grensemerke			
132-1	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			

**Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.**

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
94-8Y	Murhjørne Nedsatt i:				
94-9Y	Murhjørne Nedsatt i:				
570-5Y	Nedsatt i:				
94-10Y	Murhjørne Nedsatt i:				
94-11Y	Murhjørne Nedsatt i:				
24-1	Annen detalj Nedsatt i:				
24-2	Annen detalj Nedsatt i:				
24-3	Annen detalj Nedsatt i:				
24-4	Murhjørne Nedsatt i:				
24-5	Murhjørne Nedsatt i:				
24-6	Umerket Nedsatt i:				
24-7	Umerket Nedsatt i:				
24-8	Umerket Nedsatt i:				
24-9	Vegkant Nedsatt i:				
24-10	Vegkant Nedsatt i:				
24-11	Vegkant Nedsatt i:				

## Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 29.09.2016 rekvirert oppmålingsforretning med grensejustering over grensa langs Mjåtveitvegen, gnr 23 bnr 526.

Oppmålingsforretning vart halde 03.11.2016. Ved forretninga møtte Harry Finseth og Berit Eskeland for Meland kommune gnr 23 bnr 526, Johannes Monstad for 23/115, Jan Morten Holmås for 23/478, Øystein Lossius for 23/79, Dag Erik Hagesæter for 23/441, Odd Sverre Hove for 23/1, Frode Sagstad for 23/399, Tom Erik og Vegard Sagstad for 23/94 og 23/570. Cornelius van der Leyen møtte for JM. Eigar av 23/78, 93 og 517 Hogne Austgulen hadde sendet epost om at han ikkje hadde høve til å møta før kl. 14 same dag.

I tillegg til dei frammøtte, var også eigarar av 23/15, 23/82, 23/417, 23/567, 23/92, 23/73 og 23/77 varsla, men møtte ikkje.

Grensa mot 23/115: Egedomen er oppretta ved skyldskifte i 1969. I følgje skyldskiftet skal 23/115 ha 34m felles grense med 23/82, 7,5m felles grense mot 23/81 og 28,3m grense langs den gamle fylkesvegen. Naboeigedomen til 23/115 mot nord, 23/132, vart frådelt ved kart- og delingsforretning i 1971. På målebrevet for 23/132 er det teikna inn at 23/115 har felles grense med bnr 132 i ei lengd på 26,98m. Kross i fjell i 23/132 sitt søraustre hjørne, grensepunkt 132-1, vart leita fram og er nymålt. Grensa for 23/115 mot 23/81 og 23/82 er utrekna ved skylddelingsmål. Det er sett ned ny asfaltspikar i ytterkant fortau i grensa mellom 23/82, 23/115 og 23/526, grensepunkt 115-1. Vidare er det sett ned to nye asfaltspikarar i ytterkant fortau, grensepunkt 115-2 og 115-3. Arealet til 23/115 er oppmålt og utrekna til 1204,7m<sup>2</sup>. I skyldskiftet står det at arealet skal vera 1,2 dekar. Utifrå rekonstrueringa av grensene til 23/115 er det samla sett ikkje tatt areal frå 23/115 ved bygging av fortau.

Grensa mot 23/82: Egedomen er oppretta ved skyldskifte i 1963. Kåre Brakstad har tidlegare opplyst at gangvegen som går langs grensa mot 23/115 ligg på hans eigedom. Dette er no retta opp i matrikkelkartet. Det vart konstatert at det ikkje er tatt areal frå 23/82 i samband med opparbeiding av fortau langs Mjåtveitvegen.

Grensa mot 23/478: Egedomen er oppretta ved kart- og delingsforretning i 2000. Grensene vart påvist. Det er sett ned nytt grensemerke i grensa mot 23/79 i sør-austre hjørne av 23/478. Det er ikkje tatt areal frå 23/478 i samband med opparbeiding av fortau.

Grensa mot 23/94 og 23/570: I samband med deling av 23/94, vart det 23.05.2016 halde oppmålingsforretning over yttergrensene til 23/94. Det vart då gjennomført grensejustering av grensa mellom 23/94 og kommunevegen. Grensa mot vegen vart då definert til å gå i innerkant av ny betongmur og arealet som vart avgitt til vegareal vart oppmålt til 47,7 m<sup>2</sup>. Kommunen har i etterkant av oppmålingsforretninga gjort avtale med naboeigedomane 23/78 og 23/79 om at grensa mot vegen skal gå i Ytterkant av betongmuren som er oppført og ikkje innerkant slik det er gjennomført på 23/94 og 23/570. Kommunen har difor retta opp grensa til å gå i ytterkant mur også for 23/94 og 23/570. Areal som vert avgitt til vegareal for 23/94 og 23/570 vert difor redusert frå 47,7 m<sup>2</sup> til 43,2 m<sup>2</sup>. Vegard Sagstad har i epost 03.02.2017 stadfesta at dette er ok. Tom Erik Sagstad har i epost 07.02.2017 stadfesta at grensejusteringa er ok.

Grensa mot 23/79: Egedomen er oppretta ved skyldskifte i 1962. I skyldskiftet står det at "grensa tek til i merkestein m.v. i parsellen sitt sud-vestlege hyrna 2,5 m frå vegen Frekhaug-Mjåtveit, i grenselina med bnr 15." Dette punktet er i dag grensepunktet mellom 23/82 og 23/478.

Det står vidare på slutten av grenseskildringa at grensa skal gå "langs same veg 98,5 m til staden ein gjekk ut frå". Det var ingen av partane som heilt kunne sei kor den gamle veglina gjekk, men var samde om at dagens fortauskant låg omlag der den gamle vegkanten var. Øystein Lossius meinte at muren som var sett opp av JM var sett altfor langt inn på 23/79 i forhold til det teikningane synte. Han meinte at den nye grensa hans mot vegen skulle gå 0,8m utanfor fortauskant og ikkje i den oppførte muren. I etterkant av oppmålingsforretninga har kommunen og Lossius vorte samde om avgrensinga av 23/79 mot kommunevegen. Arealet er oppmålt og utrekna til 162,3 m<sup>2</sup>.

Grensa mot 23/441: Egedomen er oppretta ved kart- og delingsforretning i 1996. Grensepunkta mot kommunevegen vart påvist, og det vart konstatert at det ikkje er tatt areal frå 23/441 i samband med opparbeiding av fortau.

Grensa mot 23/417: Egedomen er oppretta ved kart- og delingsforretning i 1994. Grensepunkta mot kommunevegen vart påvist, og det vart også her konstatert at det ikkje er tatt areal frå 23/417 i samband med opparbeiding av fortau.

Grensa mot 23/399: Egedomen er oppretta ved kart- og delingsforretning i 1990. Grensepunkta mot kommunevegen vart påvist. Det vart konstatert at den oppførte "sognemuren" og gråsteinsmuren står utanfor grensa til 23/399. Frode Sagstad påpeikte at han ikkje var nøgd med den oppførte "sognemuren" og at den var skeiv og ville etterkvart siga ut. Han meinte at det då var kommunen sitt ansvar å få muren på plass att.

Grensa mot 23/1: Her er det tatt areal i samband med opparbeiding av busslomme og fortau på motsett side av 23/399. Partane var samde om at den nye grensa skulle gå i ytterkant av det opparbeidde fortauet forbi avkøyringa til Løypetona og fram til der fortauet sluttar ved oppkøyringa til Jonsokgrenda. Det er ikkje tatt areal frå 23/1 på austsida av vegen. Den gamle støpekanten står her framleis. Arealet er utrekna til 497 m<sup>2</sup>. Det er då rekna med gamal vegbreidde på 4,7 m på denne strekninga.

Grensa mot 23/92: Her vart konstatert at det ikkje er tatt areal i samband med opparbeiding av fortau.

Grensa mot 23/78: Egedomen er oppretta ved skyldskifte i 1962. I skyldskiftet står det at grensa starta 2,5 m frå vegen Frekhaug - Mjåtveit, og at grensa går langs same veg i ei lengd av 58,5 m. I 2008 vart det frådelt ein parsell av 23/78, 23/517. Denne parsellen er no slått saman med 23/78 og 23/93 til 23/78 (tinglyst 06.01.2017). I utgangspunktet skulle ikkje

## Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

23/78 og 23/517 avstå meir enn 2 m<sup>2</sup> til kommunevegen, men kommunen ønskjer å overta arealet mellom den oppførte betongmuren og vegen. Austgulen meiner at muren er oppført for langt inn på hans eigedom. I etterkant av forretninga er eigar av 23/78 og kommunen samde om at grensa til 23/78 mot vegen skal gå i ytterkant mur. Det er ikkje sett ned grensemerker langs muren, men ytterkant mur er innmålt. Grensepunkt 78-4, 78-5, 78-6 og 78-7 er ytterkant av gamal mur. Den gamle muren i grensepunkt 78-6 står nærmare vegen enn 2,5m. Arealet som 23/78 avgir til vegareal er oppmålt og utrekna til 53,2 m<sup>2</sup>.

Grensa mot 23/15 og 24/2: Olav Tore Fosse er grunneigar på begge eigedomane. Kommunen hadde synfaring saman med Fosse på eigedomane 27.01.2017. Fosse ønskjer i utgangspunktet at kommunen overtek areal som også omfattar pumpehuset som vart bygd for nokre år sidan ( og som grensar opp til vegutvidinga). Kommunen har i etterkant konkludert med at arealet som vert erverva i samband med vegutvidinga vert avgrensa til å gå i fyllingsfot i vegen ned til pumpehuset, og deretter følgja oppsett støttemur og ytterkant fortau/bru. Mogleg erhverv av området rundt pumpehuset vert å koma attende til. Areal som er avgitt frå 23/15 er oppmålt og utrekna til 302 m<sup>2</sup>, medan areal avgitt frå 24/2 er utrekna til 181,7 m<sup>2</sup>.

Grensa mot 23/73 og 23/77: Det er ikkje gjort endringar i grensa mellom desse eigedomane og kommunevegen ved denne forretninga.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillir krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Kommunen har matrikkelført dei nymålte grensene for 23/526. I tillegg er det skrive ut nye matrikkelbrev for 23/115, 23/82, 23/78, 23/79, 23/94, 23/570, 23/15 og 24/136 som vert sendt dei ulike eigarane. Gebyr etter matrikkellova vert sendt Meland kommune.

Det er laga to kartvedlegg til protokollen i M=1:1000.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted  
Frekhaug

Dato  
07.02.2017

Underskrift



<b>Vedlegg</b> (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			
	Kartvedlegg til protokoll			